Miljø, Teknisk, Næring

Arkivsak: 2007/1263 -83
Arkiv: 143
Saksbehandlar: Sander Sælthun
Dato: 14.06.2018

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
55/2018	Formannskap	27.06.2018

Revisjon av kommunedelplan for Fossbergom - nødvendige avklaringar etter 2. gongs høyring av planforslaget. Nytt saksframlegg

Vedlegg:
1 Notat - motsegner og merknader ved 2. gongs høyring av kommunedelplan for Fossbergom

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Motsegn frå Fylkesmannen i Oppland, og frå Oppland fylkeskommune knytt til framlegget om flytting av parkeringsplass ved kyrkja, ny lokalisering av bussterminalen og utviding av kyrkjegarden på prestegardsjordet vest for kyrkja blir teke til følgje. Parkeringsplass på kyrkjevollen og kollektivterminal blir vidareført slik dei var vist i plankartet ved 1. gongs høyring, dvs. slik dei er lokalisert i dag. For utviding av kyrkjegarden blir det foreslått ei alternativ plassering på austsida av kyrkja (inntil 0,9 dekar i trekanten mot Bøvre).

Dei andre motsegnene til planframlegget blir teke til følgje ved at nødvendige endringar blir innarbeidd i planen, utan at det vil medføre vesentlege ulemper for gjennomføring av planen:

- Område BN_F1 for utviding av industriområdet mellom Åsjo og Ottavassdraget blir teke ut av planframlegget, etter tilråding frå Fylkesmannen i Oppland.

- Omsynssone H570_2 for bevaring av kulturmiljø ved Lom stavkyrkje blir utvida slik at den omfattar det opne landskapsrommet omkring kyrkja, inkludert Kyrkjevollen, Gamle Loar-bygget og prestegardsjordet.

- Andre nødvendige justeringar av meir planteknisk karakter blir innarbeidd i planframlegget.

I tillegg til endringane nemnt ovanfor blir det lagt inn eit parkeringsareal i vestenden av Stupulvegen, primært med formål langtidsparkering for rutebussar og turistbussar.

Etter at endringane er innarbeidd i plandokumenta blir planen lagt fram for planutvalet/ formannskapet for ny politisk behandling før 3. gongs offentleg ettersyn.

Saksprotokoll i Formannskap - 27.06.2018

Behandling

- Omsynssone H570_2 for bevaring av kulturmiljø ved Lom stavkyrkje blir utvida slik at den omfattar det opne landskapsrommet omkring kyrkja, inkludert Kyrkjevollen, Gamle Loar-bygget og prestegardsjordet går ut

Det vart først votert over forslaget frå ordførar:
Forslaget vart samrøystes vedtatt.

Forslag frå Kristian Frisvold:
• Område BN_F1 for utviding av industriområdet mellom Åsjo og Ottavassdraget blir teke ut av planframlegget, etter tilråding frå Fylkesmannen i Oppland går ut.

Det vart deretter votert over forslaget frå Kristian Frisvold.
Forslaget fekk ei røyst. Fire røysta i mot forslaget.

Det vart deretter votert over innstillinga slik den er justert med dei to punkta som er votert over.
Innstillinga vart vedtatt med fire røyster mot ei røyst.

Vedtak

Motsegn frå Fylkesmannen i Oppland, og frå Oppland fylkeskommune knytt til framlegget om flytting av parkeringsplass ved kyrkja, ny lokalisering av bussterminalen og utviding av kyrkjegarden på prestegardsjordet vest for kyrkja blir teke til følgje. Parkeringsplass på kyrkjevollen og kollektivterminal blir vidareført slik dei var vist i plankartet ved 1. gongs høyring, dvs. slik dei er lokalisert i dag. For utviding av kyrkjegarden blir det foreslått ei alternativ plassering på austsida av kyrkja (inntil 0,9 dekar i trekanten mot Bøvre).

Dei andre motsegnene til planframlegget blir teke til følgje ved at nødvendige endringar blir innarbeidd i planen, utan at det vil medføre vesentlege ulemper for gjennomføring av planen:

• Område BN_F1 for utviding av industriområdet mellom Åsjo og Ottavassdraget blir teke ut av planframlegget, etter tilråding frå Fylkesmannen i Oppland.

• Andre nødvendige justeringar av meir planteknisk karakter blir innarbeidd i planframlegget.

I tillegg til endringane nemnt ovanfor blir det lagt inn eit parkeringsareal i vestenden av Stupulvegen, primært med formål langtidsparkering for rutebussar og turistbussar.

Etter at endringane er innarbeidd i plandokumenta blir planen lagt fram for planutvalet/ formannskapet for ny politisk behandling før 3. gongs offentleg ettersyn.

Saksutgreiing

Revidert kommunedelplan for Fossbergom har vore lagt ut til 2. gongs høyring. Høyringsperioden var 04.09 – 18.10.2017, men siste høyringsuttale, frå Oppland fylkeskommune, var på plass først etter behandling i fylkesutvalet 21.11.2017.

Det har kome til saman 6 motsegner til planframlegget frå regionale/ statlege planmyndigheiter. I tillegg har det kome inn ein heil del større og mindre merknader og framlegg til endringar, både frå regionale/ statlege planmyndigheiter og frå lokale organisasjonar og privatpersonar. Totalt er det kome inn 12 høyringsuttaler til planframlegget. Eit notat med samandrag av alle uttalene er lagt ved saka.

Flytting av parkeringsplass ved kyrkja, flytting av bussterminalen, utviding av kyrkjegarden:

To av motsegnene er knytt til framlegget om flytting av parkeringsplass ved kyrkja, ny lokalisering av bussterminalen og utviding av kyrkjegarden på prestegardsjordet vest for kyrkja. Desse framlegga til ny arealdisponering kom inn i planen etter 1. gongs høyring.

Fylkesmannen i Oppland skriv i sin uttale:
Kommunedelplanen legg opp til eit betydeleg forbruk av dyrka jord gjennom å leggje ut dyrka mark til andre arealformål. Fylkesmannen meiner at dette ikkje er i tråd med nasjonal jordvernstrategi, og har ***motsegn*** *til at deler av prestegardsjordet vert lagt ut til parkering, bussterminal og utviding av kyrkjegarden*.

Fylkesmannen skriv vidare: *Fylkesmannen meiner at det er mogleg å finne andre løysningar enn å gå på dyrka jorda. Ein må ikkje ha all parkering både for bil, bubil, campingvogn og turbussar på same område, og ein må i større grad kunne nytte eksisterande parkeringsområde og areal som er lite utnytta som for eksempel på vestsida av rv 15 ved ungdomsskulen og tunet på prestegarden. Ein kan ikkje leggje opp til å ha så mykje parkeringsareal nært sentrum at det skal dekkje behovet i turisttoppane.*

Oppland fylkeskommune har **motsegn** til forslaget om ny plassering av parkeringsplass ved kyrkja, kollektivterminal og utviding av kyrkjegarden. Motsegna er grunngjeven i at forslaget er i konflikt med nasjonale kulturminneinteresser, jamfør kulturminnelova.

Motsegna til fylkeskommunen byggjer på uttale frå Riksantikvaren:

Riksantikvaren meiner at parkeringsarealet og busstasjonen og utvidinga av kyrkjegarden som er planlagd vest for kyrkjestaden vil vere utilbørleg skjemmande for kyrkjestaden, og i strid med dei nasjonale kulturminneinteressene som er knytt til Lom stavkyrkje med kyrkjegard. Dei planlagde tiltaka, vil slik dei no ligg føre, også krevje dispensasjon frå føresegnene i kultur-minnelova.Riksantikvaren bed, i samsvar med Forskrift om faglig ansvarsfordeling m.v. etter kulturminneloven, Oppland fylkeskommune reise motsegn til denne delen av kommunedelplan for Fossbergom. Om fylkeskommunen etter ei vurdering finn å ikkje ville reise motsegn, må saka sendast til Riksantikvaren slik at vi kan ta over og reise motsegn på sjølvstendig grunnlag.

Statens vegvesen har ikkje motsegn til planframlegget, men viser til at det er vedteken ein plan for utbetring av eksisterande kollektivterminl på Fossbergom. Tiltaket er foreslått prioritert i 2022 i NTP Handlingsprogram for riksvegar 2018-2021(23). Vegvesenet skriv vidare:

Vegvesenet si vurdering er at dagens kollektivterminal ligg sentralt og er lett tilgjengeleg med om lag 150 m gangavstand til sentrum/rundkøyringa på rv. 15. Nytt framlegg til plassering ligg i akseptabel gangavstand frå sentrum, ca. 300 m, men ikkje like sentralt. Flytting av kollektivterminalen betyr dessutan eit anna tiltak enn det Vegvesenet har planlagt, og har ikkje føresett meir planleggingsmidlar til eit nytt tiltak. Statens vegvesen vil ikkje gå imot framlegget, men understreke at for kommunen betyr framlegget om ny plassering av kollektivterminalen ei større uvisse knytt til både planleggingsmidlar og finansiering gjennom NTP.

Når det gjeld flytting av parkeringsplassen ved kyrkja er Statens vegvesen positive til framlegget - særleg med tanke på trafikktryggleik og moglegheita til å skilja gåande og køyrande. Det er ein føresetnad at dagens avkøyring frå Rv. 15 blir tilkomst til parkeringsplassen. Det er og positivt at ny parkeringsplass er planlagt tilrettelagt for levering og henting av ungar til barneskulen.

Lokale høyringsuttaler: Det har kome kritiske merknader til flytting av parkeringsplassen frå Kyrkjevollen til vest for kyrkja frå *Lom heimbygdslag*. Heimbygdslaget ser det som lite ynskjeleg å forstyrre det frie området mellom Ny- prestegarden, Gamle Loar prestegard (Steinfjoset, Loarbygget, Drengjestugu) og Lomskyrkja med biltrafikk og parkering. *Lom eldreråd* er positive til flytting av parkeringsplassen, men meiner at eksisterande parkeringsplass på Kyrkjevollen må behaldast som parkeringsplass for personbilar, og ikkje gjerast om til grøntområde. Det same synspunktet går fram i uttale frå *Egil Olav Nyrnes*.

Lom heimbygdslag ynskjer heller ikkje kollektivterminal på Prestgardsjordet. *Arnt Rune Vole* skriv i sin uttale at ein bussterminalen i Loar-området blir for langt frå sentrum, og at både toalett og venterom kan tvinge seg fram om terminalen blir flytta.

Lom kyrkjelege råd ber om at arealet for utviding av kyrkjegarden som ligg inne i høyrings-framlegget blir vidareført i kommunedelplanen. Utvidinga er nødvendig for setje av eit område til andre trussamfunn i tillegg til vanlege gravplassar, som det no er for lite av. *Lom eldreråd* meiner at utviding av kyrkjegarden må vere eit viktig punkt i kommunedelplanen, men ser ulemper med den plasseringa i planforslaget. Utviding mot nord-aust eller nord-vest er aktuelle alternativ i følgje eldrerådet. *Lom heimbygdslag* meiner at utvidinga i planforslaget vil, dersom det ikkje blir laga ny port i kyrkjegardsmuren, medføre uheldig eksponering under gravferder og foreslår i staden ei utviding mot nord.

Motsegn knytt til planføresegner for kalkfuruskogen i Presthaugen

For område BOP22 (Presthaugen), som er registrert som *svært viktig naturtype; tørr kalkfuru-skog*; krev Fylkesmannen eit tilleg til planføresegnene som skal sikre at naturtypen blir teke vare på. Planføresegna punkt 4.2.6 d) vil da få følgjande tekst (tillegget med utheva skrift):

> *Skogen innanfor området er registrert som svært viktig naturtype – kalkskog, utforming kalkfuruskog. Hogst av tre og skjøtsel av skogen skal skje etter plan godkjent av kommunen. Drift av museumsbygningar og –område kan skje så lenge det ikkje reduserer biologisk mangfald eller på andre måtar forringer naturtypen. Enkel tilrettelegging for bruk og opphald knytt til rekreasjon og friluftsliv er tillatt.* ***Det skal ikkje oppførast nye bygningar på areal som er viktig for å ta vare på kalkskogen som naturtype og artsmangfaldet knytt til denne. Ved utarbeiding av skjøtselsplan skal det nyttast relevant naturfagleg kompetanse for å gjennomføre slik vurdering i planen for hogst og skjøtsel.***

Motsegn knytt til planføresegner omsynssone H320_2 for flaumfare i industriområdet

NVE krev at følgjande tillegg (med utheva skrift) blir teke inn i planføresegna punkt 5.3 c:

> *Ved oppføring av nye bygningar over 50 m2 BYA og andre konstruksjonar/ søknadspliktige tiltak skal byggegrunnen fyllast opp til minimum kote 365,66 moh, alternativt må bygningen/ konstruksjonen vere utført slik at den tålar å bli sett under vatn til dette nivået* ***og skader unngås. Tilfredsstillende sikkerhet kan ikke oppnås med beredskapsmessige sikringstiltak.*** *Føresegna gjeld også tilbygg over 50 m2 til eksisterande bygg.*

Motsegn knytt til krav om utnyttingsgrad i planføresegner til bustadområde på Kulihaugen

For område BF_2 og BF_3 (Kulihaugen) krev Fylkesmannen at det blir teke inn planføresegner som sikrar tett utbygging, dvs. minimum 3 - 4 bueiningar/daa. Fylkesmannen meiner at når dyrka jord på sentrumsnære areal som på Kulihaugen vert lagt ut til andre arealføremål må ein ha ei vesentleg høgare arealutnytting enn einebustader.

Motsegn pga. manglar i ROS-analyse og planføresegner knytt til handtering av lokalt overvatn

Fylkesmannen i Oppland har motsegn til planframlegget fordi det ikkje er gjennomført tilfredstillande utgreiingar og klargjeringar i planen når det gjeld handtering av lokalt overvatn i ROS-analysen eller i planføresegnene. Dette må innarbeidast i plandokumenta.

Andre vesentlege merknader til planforslaget:

Fylkesmannen i Oppland ber på nytt om at område for utviding av industriområdet (BN_F1) blir teke ut av planen. Fylkesmannen presiserer at dette området har ein viktig nøkkelfunksjon som korridor for dyre- og planteliv mellom Åsjo naturreservat og Ottavassdraget. Utan ein slik velfungerande korridor vil det heilskaplege økosystemet som Åsjo og Ottavassdraget utgjer i dette området, miste mykje av sin verdi. Verdien av Åsjo naturreservat vil også bli redusert. Naturreservatet vil i enda større grad bli som ei «øy» i eit fragmentert landskap og økosystem. Førekomsten av elvesandjeger (sterkt truga på den norske raudlista) i nærleiken av det planlagde utbyggingsarealet er ein rest av det som truleg var ein større bestand og som hadde naturlege sandflater i eit dynamisk elvedelta. Dette arealet vil ytterlegare miste noko av sin verdi ved ei utbygging som planen viser. Elvesandjeger er ein art som Nord-Gudbrandsdal har eit særleg nasjonalt ansvar for å ta vare på.

Grunneigarane Berit og Thor Anders Hagen viser til tidlegare merknad ved 1. gongs høyring og ber på nytt om at område BN_F 1 blir teke ut av planframlegget med same grunngjeving som tidlegare. Dette er det siste området som Skjæsar har for framtidig utviding av jordbruksarealet.

Fylkesmannen i Oppland peiker elles på at omsynssone 910 *Reguleringsplan skal framleis gjelde* er brukt på feil måte i plankartet. Dersom kommunen ønskjer å vise eit anna arealføremål i kommuneplanen enn det som er i gjeldande reguleringsplanen kan ein ikkje bruke denne omsynssona. Planen må derfor omarbeidast på dette punktet.

Oppland fylkeskommune ber om at omsynssone for bevaring av kulturmiljø ved Lom stavkyrkje blir utvida. I saksutgreiinga frå fylkesrådmannen blir det foreslått ei omsynssone som omfattar gamle Loar, Drengjestugu, Steinfjoset, ungdomsskulen, tunet på prestegarden og litt av Utgard:



Fylkesrådmannens forslag til avgrensning (blått areal) av hensynssone H570_2

Vidare ber fylkesrådmannen om at følgjande tekst blir teke inn i retningslinene til omsynssona:

> *Alle tiltak skal forelegges kulturminnemyndigheten, jf. rundskriv T-3/2000. All bygging nærmere kirken enn 60 meter er forbudt etter kirkeloven § 21 femte ledd, uten tillatelse fra biskopen. Ved all planlegging av tiltak i kirkens nære omgivelser skal det tas hensyn til kirkens plassering og virkning i landskapet. Alle saker som angår kirker skal behandles av kirkelig myndighet etter kirkeloven.*

Saka var lagt fram for formannskapet i møte 05.12.2017, sak 87/2017, og vedteken utsett.

Vurdering

<u>Flytting av parkeringsplass ved kyrkja, flytting av bussterminalen, utviding av kyrkjegarden</u>:

Dei to motsegnene knytt til desse endringane ved 2. gongs høyring er grunngjevne med at forslaget er i strid med nasjonale interesser og føringar, og kan seiast å ha stor fagleg tyngde. Om kommunen ønskjer å gå vidare med desse forslaga er det sannsynlegvis at plansaka vil gå til departementet for endeleg avgjerd. Ein slik prosess vil ta lang tid, og utfallet av saka, dvs. om kommunen får gjennomslag for sitt syn, er etter administrasjonssjefen si vurdering usikkert.

Fylkeskommunen har foreslått parkeringsplassen vest for Coop som ny plassering av bussterminal, alternativt deler av området som Loar barneskule disponerer vest for Rv15. Etter administrasjonssjefen sitt syn er desse alternativa lite tenlege. Å flytte bussterminalen frå Fosstugu til plassen vest for Coop vil gje liten gevinst eller forbetring samanlikna med dagens situasjon. Å bygge ned uteareala til barneskulen som bussterminal er ei lite framtidsretta løysing, dessutan vil bussterminalen bli liggande vesentleg lenger frå sentrumskjernen enn i dag.

Vidare arbeid med alternativ for bussterminal og parkeringsplass etter Fs-møtet 05.12.2017

<u>Bussterminal på Kyrkjevollen:</u>
Under drøftingane i formannskapsmøtet 05.12.2017 kom det innspel på å flytte bussterminalen til området for dagens turistbussparkering på Kyrkjevollen. Dette vil da krevje at ein finn fram til eit alternativt område for turistbussane – arealet der driftsbygningen på Prestegarden står (inntil parkeringsplassen på Utgard) vart nemnt som ei mogelegheit, da denne bygningen ikkje er i bruk og er i relativt dårleg forfatning.

Saksbehandlar tok kontakt med Opplandstrafikk og bad om ei førehandsvurdering av dette alternativet. Rådgjevar i Opplandstrafikk ga følgjande tilbakemelding:

> *Størrelsen på foreslått område er god nok for kollektivtrafikken. Problemer med dagens løsning er delingen mellom personbiltrafikk og kollektivtrafikk. Med foreslått løsning vil det fortsatt være en slik konflikt. Denne blandingen mener vi ikke er en god løsning. Ved å bruke dette området er utfordringen med andre ord å få en god løsning for privattrafikken ved å få skilt denne fra kollektivtrafikken. Hvilke alternativer finnes for denne privattrafikken, som spesielt skal til kirka. Kan denne trafikken flyttes?*

Etablering av bussterminal på Kyrkjevollen krev altså at privatbiltrafikk og –parkering blir flytta bort herifrå. Administrasjonssjefen ser ikkje gode alternativ for privatbilparkering når ein ikkje kan nytte arealet vest for kyrkja (prestegardsjordet). Spesielt for parkering i samband med bruken av kyrkja vil det vere heilt nødvendig med tilfredstillande parkeringsareal nær kyrkja.Eit anna uavklart spørsmål knytt til dette alternativet er kvar ein skal finne plass til turistbussane – det er behov for minst 7 bussoppstillingsplassar (som i dag). Sjølv om tunet på prestegarden vart flytt til dagens plassering så seint som i 1916 kan likevel nedbygging av areal og riving av driftsbygningen på prestegarden bli oppfatta som konfliktfylt.

<u>Bussterminal i industriområdet:</u>

Det har kome to innspel med forslag om plassering av bussterminalen i industriområdet – ved næringstomta til Kirkestuen AS, og i vestenden av Stupulvegen, dvs. mellom industribygget til tidl. Lom Møbelindustri og elveforbygninga. Det første forslaget ligg relativt langt frå alle sentrumsfunksjonar, utanfor området som er foreslått som indre sentrumssone, og på «feil» side av traseén for ny Rv15. Det er derfor ikkje arbeidd vidare med dette alternativet.

Det andre forslaget, i vestenden av Stupulvegen, ligg nærare sentrum, og med gangstig langs elveforbygginga opp mot sentrumskjernen og til utleggsbrua. Forslagstillar har også peika på at området kan knytast tettare opp mot Kyrkjevollen og Loar med ei ny gangbru over Bøvre:



I samråd med ordførar vart Opplandstrafikk, Statens Vegvesen og planavdelinga i Oppland fylkeskommune invitert til møte og synfaring i Lom den 11.06.2018. Formålet med møtet var å drøfte utfordringane knytt til lokalisering av bussterminalen i Lom generelt, og alternativet med plassering i vestenden av Stupulvegen spesielt. Dei inviterte faginstansane var alle samstemte i følgjande tilbakemelding til kommunen:

Bussterminalen i Lom er eit knutepunkt, og mange av dei reisande nyttar omkringliggjande næringstilbod i sentrum, også sjåførane på langtidsparkerte bussar. Å flytte bussterminalen til industriområdet vil i følgje Opplandstrafikk kunne senke attraktiviteten for eksisterande busstilbod i Lom, noko som kan føre til færre passasjerar, og dårlegare busstilbod på sikt. Fjellrutene (til Spiterstulen og Juvasshytta) er avhengig av eit attraktivt tilbod i Lom – flytting av bussterminalen til ei meir usentral plassering kan m.a.o. true framtida til desse rutene.

Ved flytting av bussterminalen til industriområdet, vil det krevje at det i tillegg vert etablert busstopp/ kantstopp i sentrum. Det er sannsynleg at desse i stor grad blir nytta i staden for sjølve terminalen, og medfører nye trafikale utfordringar i form av flaskehalsar som hindrar trafikken.



Det vart i tillegg drøfta alternativ løysing for dagens plassering av bussterminalen, med formål å få til eit betre skille mellom kollektiv- og personbiltrafikken, sjå skisse til venstre (utarbeidd av Sweco på oppdrag frå vegvesenet i 2014). Ei slik løysing kan gjennomførast utan at detaljane treng innarbeidast i kommunedel-planen – heile det aktuelle arealet vil uansett bli vist som kombinert formål parkering/ bussterminal på plankartet.

Det var vidare peika på at eit område for langtidsparkering av bussar – for eksempel i vestenden av Stupulvegen – vil kunne redusere behovet for bussoppstillingsplassar ved sjølve bussterminalen. Eit slikt parkeringsareal kan med fordel innarbeidast i planframlegget.

I lesarinnlegg i Fjuken 07.06 vart det foreslått lokalisering av ny bussterminal aust for handels-senteret i industriområdet. Ei slik plassering vil bli på areal avsett til framtidig trasé for Rv15 m/ kryssløysing, og dermed i strid med gjeldande planar. Det er ikkje arbeidd meir med forslaget.

<u>Konklusjon:</u> Administrasjonssjefen innstiller på å ta ut endringane knytt til bussterminal og parkering på Kyrkjevollen som var foreslått ved 2. gongs høyring av planen, og vidareføre parkeringsplass på Kyrkjevollen og bussterminal slik dei var vist i plankartet ved 1. gongs høyring, altså slik dei er lokalisert i dag. Nødvendig omorganisering, sambruk og skilting av eksisterande parkeringsplassar kan gjennomførast utan endringar i kommunedelplanen.

<u>Alternativ vurdering/ innstilling</u>: Formannskapet tek ikkje motsegn frå Fylkesmannen i Oppland og Oppland fylkeskommune til følgje, og vidaregfører parkeringsplass og ny plassering av buss-terminal slike dei er vist ved 2. gongs høyring. Kommunen kan da ikkje vedta/ eigengodkjenne planforslaget, og plansaka vil gå til mekling, event. til endeleg avgjerd i departementet.

Når det gjeld <u>utviding av kyrkjegarden</u> er administrasjonssjefen si vurdering at dei fleste alternative plasseringar som er foreslått i høyringsuttalene er uaktuelle, fordi dei kjem i konflikt med sikringssoner/ klausuleringssoner rundt Lom vassverk. Administrasjonen har avklart at utviding av gravplass inn i desse sikringssonene vil vere i strid med godkjenninga av vassverket.

Eit alternativ som ikkje har vore vurdert tidlegare i planprosessen er ei utviding mot aust:



Ei slik plassering vil ikkje kome i konflikt med jordvernet, og grunnlaget for Fylkesmannen si motsegn vil falle bort. Det er ikkje kjent om fylkeskommunen/ Riksantikvaren vil godta ei slik plassering, men administrasjonssjefen si vurdering er at denne plasseringa bør vere i mindre konflikt med kulturverninteressene enn den som var foreslått ved 2. gongs høyring.

Det kan setjast av inntil ca 0,9 daa, dvs. ein del mindre enn det det opprinneleg var sett fram ønskje om.

Alternative vurderingar/ innstillingar:

1. Formannskapet tek ikkje motsegn frå Fylkesmannen i Oppland og Oppland fylkeskommune til følgje, og vidarefører utviding av kyrkjegarden slik den er vist ved 2. gongs høyring. Kommunen kan da ikkje vedta/ eigengodkjenne planforslaget, og plansaka vil gå til mekling, event. til endeleg avgjerd i departementet. Administrasjonssjefen si vurdering er at det sannsynlegvis kan vere større sjanse for kommunen å nå fram med denne arealdisponeringa enn med parkeringsplass og bussterminal på prestegardsjordet.
2. Formannskapet tek motsegn frå Fylkesmannen i Oppland og Oppland fylkeskommune til følgje, og tek utviding av kyrkjegarden ut av planframlegget. Behovet for utviding av kyrkjegarden blir teke opp til ny vurdering ved neste planrevisjon.

I følgjebrev 23.11.2017 til høyringsuttalen frå fylkeskommunen peiker fylkesrådmannen på at utbygging på prestegardsjordet vest for kyrkja kan medføre store kostnader for tiltakshavar knytt til lovpålagte arkeologiske undersøkingar.

Andre motsegner:

For dei andre motsegnene er administrasjonssjefen si vurdering at dei kan takast til følgje ved at nødvendige endringar blir innarbeidd i planframlegget, utan at det medfører vesentlege ulemper for gjennomføring av planen.

Andre vesentlege merknader:

Når det gjeld Fylkesmannen si oppmoding om å ta område for utviding av industriområdet mellom Åsjo og Ottavassdraget ut av planen, så er administrasjonssjefen si vurdering at dette er fagleg godt grunngjeve i høyringsuttalen. Administrasjonssjefen innstiller derfor på å ta dette området ut av planframlegget.

Oppland fylkeskommune sin merknad om at omsynssona for bevaring av kulturmiljø ved Lom stavkyrkje har for snever avgrensing bør imøtekomast. Omsynssona kan likevel ikkje utvidast så mykje som fylkesrådmannen foreslår, ei omsynssone som omfattar omtrent heile ungdoms-skulen, tunet på den nye prestegarden og deler av fleirbrukshuset Utgard blir uhandterleg og vil legge for store avgrensingar på utvikling og drift av t.d. ungdomsskulen og fleirbrukshuset. Administrasjonssjefen foreslår derfor ei omsynssone som omfattar det opne landskapsrommet omkring kyrkja, inkludert Kyrkjevollen, Gamle Loar-bygget og prestegardsjordet.